

Svar på spørsmål i spørjetimen 20.6.2018

Eg vil starte med å seie at det er flott at frivillige engasjerer seg for arts- og naturmangfaldet i kommunen. Arbeidet for å bevare elvemuslingen er viktig og her gjer Mjåtveitelvas foreining ein viktig jobb, saman med m.a. skuleelevar og andre frivillige.

I bakgrunnen for spørsmåla er det eit par ting eg meiner må korrigerast. I pkt. 6 blir det hevda at kommunen godkjenner å legge resten av Kloppedalsbekken i røyr. Dette er ikkje rett, i samband med ei mellomlagring av massar er ein del av bekken midlertidig lagt i røyr. Dette er midlertidig og ved realiseringa av den godkjente reguleringsplanen må ein ta omsyn til bekken innanfor dei rammene som reguleringsplanen set.

Det blir i pkt. 7 skriv ein at kommunen har felt tre langs bekken i eit område rundt hovudvegen. Det er ikkje kommunen som har felt desse trea, det er det (sannsynlegvis) grunneigar som har gjort. I området er det ein godkjent reguleringsplan for bustadbygging, og det er ikkje søknadsplikt for å forvalte skog på ein eigedom. Grunneigarar har lov å felle trær, sjølvstakt innanfor dei lovar, reglar og bestemmingar som er gjeldande. Når det gjeld vegetasjon langs vassdrag er det Fylkesmannen som er myndigheit, ikkje kommunen.

Så til spørsmåla:

*1. Kva vil Meland Kommune no gjere for å sikre Mjåtveitvassdraget som framtidig berekraftig biotop for elvemusling?*

Svar: Mjåtveitelva og to sidevassdrag er i kommuneplanen sin arealdel sikra med ei omsynssone på 30 meter, 15 meter på kvar side målt frå midt i elva. I denne sona skal vassdraget skjermast mot alle inngrep, og i sona er tiltak berre tillate til stadbunden næring/landbruk.

I planarbeid er Mjåtveitelva eit tema i dei sakene der planområdet er nært elva eller sidevassdrag. Vidare vert vassdraget følgd opp i samband med utbygging av bustad/næringsområde som har godkjente reguleringsplanar.

*2. Korleis vil kommunen sikre Kloppedalsbekken som oppvekstbiotop for aure og muslingar?*

Svar: Kloppedalsbekken renn igjennom to område som er sett av til bustadbygging B8 og B9 i kommuneplanen sin arealdel, eit er under planlegging medan det andre har ein godkjent reguleringsplan. I samband med planarbeidet i B8 og B9 er Mjåtveitvassdraget inklusiv sidebekken Kloppedalsbekken eit tema. Kloppedalsbekken vert følgd opp som en del av prosessen med utbygging av område B5 i reguleringsplanen Mjåtveitmarka.

3. *Kva konkrete tiltak vil bli gjort for å retta opp skadane som er påført reinseparken?*

*Korleis kan kommunen bidra? Kva skal grunneigaren gjere? Kva rolle vil kommunen at frivillige og speielt Mjåtveitelvens Foreining skal ha i reparasjonsprosessen? Kva er tidsramma?*

Svar: Kommunen har vært i kontakt med Mjåtveit Næringspark AS som har bygd fangdammane. Treverket på toppen av demninga har flytta på seg, og dette skal reparerast før sommarferien. Det har og vore kontakt med grunneigar som har felt trea, der kommunen har vore tydeleg på korleis det skal sjå ut i området etter at ein er ferdig med hogsten.

*Tilleggsspørsmål: Kunne det vært et poeng og spørre kommunen om de kan starte en omregulering i området renseparken ligger (ca 24 mål) fra grønt område til friluftsområde (bli værnet) slik att det ikke kan gjøres andre inngrep i dette området ved en senere anledning?*

Svar: Delar av området er regulert til bustad i kommuneplanen sin arealdel, mens resten av området er regulert til landbruksareal i reguleringsplanen Mjåtveitmarka. Dersom området skal regulerast om må dette gjerast i samband med rullering av kommuneplan som ein del av ein planprosess. Så vidt ordføraren veit, vart ikkje dette spelt inn i prosessen når ein vedtok planprogrammet for rullering av kommuneplanen nyleg, eller at det er planar om dette (grunneigarar).

Avslutningsvis vil eg igjen berømme det arbeidet som Mjåtveitelvas foreining gjer for elvemuslingen, og gjerne oppfordre til kontakt med kommunen om ein på ny vel å setje ut elvemuslingar, for å saman finne dei best tilrettelagde stadane for dette.

Frekhaug, 19.6.2018

Øyvind H Oddekalv  
ordfører